



Kristiansund kommune  
Postboks 178  
6501 KRISTIANSUND N

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kristin Eide, 71 25 84 33

## Kristiansund kommune - Detaljreguleringsplan for Løkkemyra handelspark II - Trekking av motsegn

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Vi har mottatt reviderte plandokument datert 4.oktober 2022 for *reguleringsplan Løkkemyra handelspark II*. Med grunnlag i revidert plan oppmodar Kristiansund kommune oss til å trekke motsegn gitt i uttale datert 29.april 2022.

Statsforvaltaren har motsegn til reguleringsplan Løkkemyra handelspark II fordi planen medfører nedbygging av funksjonsområde for fiskemåke og storspove som er sterkt truga og truga, jf. Norsk raudliste for artar.

### Natur- og miljøvern

Planforslaget fører til at planområdet ved Stabeldamman blir tilnærma heilt nedbygd. Arealet er eit viktig økologisk funksjonsområde for m.a. fiskemåke og storspove. Området ligg nært flyplassen, og grensar til eksisterande næringsområde i vest. Nord for planområdet er det ein regulert skytebane. Planområdet er ein del av friluftsområdet ved Kvernberget.

### *Verdien av Stabeldamman for fugl*

Det er tidlegare registrert fleire ulike raudlista artar i og nær Stabeldamman. For sterkt trua storspove er dammen eit mogleg næringsområde, dvs. økologisk funksjonsområde. Arealet er i tillegg hekkeområde for fiskemåke. Nedbygginga av arealet blir vurdert å ha *negativ effekt* på lokal bestand av fiskemåke og storspove. Våtmark og ferskvatn med ope vasspegel er ein avgrensa ressurs på Nordlandet. Tap av slike areal er ein av fleire årsaker til bestandsnedgang. Verdien av truga fugleartar må vege tungt i utbyggingssaker der funksjonsområda deira blir fjerna, og som dermed bidrar til at nettverket av nærings- og rasteområde blir meir glissent i området.

### *Avbøtande tiltak*

Det er både flyplass og skytebane tett på planområdet, i tillegg til at planområdet er satt av til *ervert* i gjeldende arealdel i kommuneplanen. Avinor ønsker unngå «birdstrike», og har gitt tydeleg tilbakemelding om at dei ikkje ønsker avbøtande tiltak i planområdet som kan fremme fugleaktivitet i planområdet. Statsforvaltaren ser dette utfordringsbilete, men finn at arealet ikkje kan bli omdisponert før det er gjort tiltak andre stader som kan fremme fugleinteressene på Nordlandet.

Det har vore fleire møte og avklaringar i planprosessen mellom kommune, Statsforvaltar og konsulent. I tillegg har lokallaget til Birdlife bidratt med forslag som på ulikt vis kan avbøte tapet av funksjonsområdet for fugl. Det er ikkje funne tiltak som kan kompensere for tapet av Stabeldamman, men det er semje om oppsett av hekkeplattformer på eigna stad og utviding av omsynssone *naturmiljø* i arealdelen av kommuneplanen som under revisjon.

For fiskemåke vil hekkeplattformer ved Gløsvågen og Vollvatnet/Nydamman fremme hekking i naturlege omgivelser. Vi er nøgd med planføresegn pkt. 10.16 revidert den 4. oktober 2022 der det no er stilt krav til etablering av minst 20 hekkestativ ved Vollvatnet/Nydamman og minst 20 hekkestativ ved Gløsvågen, samt krav til tiltaksplan som sørger for etablering og varig vedlikehald.

For storspove er området kring Gløsvågen eit viktig funksjonsområde, og utviding av omsynssone naturmiljø er eit tiltak som kan synleggjere interessene i området i kommunen sine overordna planer. Ifølge *Naturbase.no* er Gløsvågen naturreservat ein hekke- og trekklokalitet for våtmarksfugl med påfallande rik fuglefauna. Det er registrert mykje fugl her, og storspove er ein av artane som jamleg blir observert. Det er og sannsynleg at storspoven hekkar i området. Arealet sør for reservatet er antakeleg eit eigna habitat for storspove og andre våt- og kulturmarksartar av fugl, jf. Notat – revisjon av naturmangfaldsrapport frå Norconsult utarbeidd for reguleringsplan Løkkemyra handelspark II. Ifølge lokallaget til Birdlife er området sør for Gløsvågen naturreservat allereie i dag eit funksjonsområde for storspove. Han nyttar heile verneområdet samt tilstøtande ope terreng som er eigna. Det gjeld og myrene aust for reservatet. Statsforvaltaren er trygg på at området som no er ønska utvida til omsynssone *naturmiljø* er eit viktig funksjonsområde for både storspove og andre fugleartar.

Kommuneplan 2020 – 2032 og omsynssone *naturmiljø* kring Gløsvågen har vore på høyring, og Statsforvaltaren viser til sin uttale datert 18.oktober 2022 der vi var positiv til utvidinga. Vi påpeika likevel at retningslina må legge tydelegare føringar om at tilrettelegging for varig opphald (gapahukar, rasteplassar etc.) skal unngåast i heile omsynssona. Vi legg til grunn at dette blir følgt opp, jf. at vi har motsegn både til reguleringsplan Løkkemyra handelspark II og byggeområde Stabeldamman i arealdelen av kommuneplanen.

### **Konklusjon**

Vi viser til reviderte plandokument datert 4. oktober 2022 og trekker vår motsegn til Løkkemyra handelspark II.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
ass. miljøverndirektør

Kristin Eide  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*